

Seniornett Eid

Årsmøte 2019 i Seniornett Eid 14 februar 2019 på Kringla kl 13 00

Protokoll

S.NR SAK

1 Konstituering av årsmøtet

Leiaren ønskte velkommen og opna årsmøtet

- A. Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader
- B. Solgunn Leivdal vart vald som møteleiar.
- C. Eiliv Berdal vart vald som referent
- D. Bodil Sønderland og Oddrun Erviksæter vart vald til å skrive under protokollen.
- E. Oppteljing av røysteføre. Det var 16 frammøtte til årsmøtet. Av desse 10 røysteføre medlemer av Seniornett Eid

2 Godkjenning av årsmelding 2018

Leiaren gjekk gjennom årsmeldinga.

Det var ingen merknader til årsmeldinga og den vart samråystes godkjent.

3 Godkjenning av rekneskap for 2018.

Kasseraren gjekk gjennom rekneskapet for 2018.

Rekneskapet viser eit overskot på kr 7774,95. Overskotet kan delvis forklaraast med at utgiftene til landsmøtet 2017 er bokført i 2017, medan tilskotet til landsmøtet er bokført i 2018.

Rekneskapen for 2018 vart samråystes godkjentt.

4 Budsjett 2018

Sekretæren gjekk gjennom forslaget til budsjett for 2019.

Det kom ikkje inn merknader til budsjettet og det vart samråystes godkjent som grunnlag for arbeidet i styret i 2019.

5 Innkomne saker

Det var ikkje kome inn saker til årsmøtet

6 Handlingsprogram.

Det var ikkje lagt fram eit skriftleg handlingsprogram. For seniornett Eid vil hovedfokus framleis vere å gje medlemene hjelp, støtte og undervisning i bruk av data. Både kurs og støtte/hjelp vil bli lagt til kafeen på torsdagane.

Følgjande saker vart tatt opp under handlingsprogrammet.

- Sekretæren orienterte om endringane for det som gjeld kurs og opplæring. Ein vil gå bort frå ordinære kurs med påmelding og kursavgift, men heller dele opplæringa opp i temablokker det den einskilde melder seg på ut frå interesse. Det vil likevel bli notert kven som møter slik at ein eventuelt kan søkje om tilskot. Medlemene vil bli ilagt ei fast opplæringsavgift. For i år er den på 200 kroner for vårsemesteret og 150 kroner for haustsemesteret. Denne avgifta skal dekke både opplæring og support til den enkelte medlem på surfekafeen. Det var ingen merkander til denne endringa.
- Marit Botn Lefdal tok opp at ein burde søkje samarbeid med dei andre pensjonistlag i Stad kommune. Korleis dette skal gjerast kom ein ikkje konkret inn på, men Marit Botn Lefdal og Eiliv K. Berdal vil ta dette opp i arbeidsutvalet for pensjonistlag i Stad kommune og gje tilbakemelding til styret i Seniornett Eid. Det er også høve til å søkje i om midlar frå «Bli kjent» fondet for å dekke eventuelle utgifter.
- Marit Botn Lefdal tok også opp at årsmøtet må understreke overfor kommunen at Seniornett framleis må få bruke lokala på Kringla og vere samlokalisert med frivilligcentralen. Både lokalisinga og samarbeidet er nødvendig for at Seniornett skal kunne drive arbeidet på ein effektiv måte. Vedtaket blir oversendt kommunen saman med brevet til kommunen om refusjon av husleiga.

På bakgrunn av orienteringa frå styret og med dei punkta som er referert ovanfor, vart handlingsprogrammet samrøystes vedtatt.

7

Val

Valnemnda har vore samansett slik:

Dagny Rønnkleiv - leiar
Bodil Sønderland
Else Nesheim

Bodil Sønderland la fram forslaget til valnemnda:
Alle medlemene som var på val har sagt ja til attval.

Det nye styret i Seniornett Eid blir etter dette:

Styret:

Solgunn Leivdal, leiar – attval vald for 1 år til 2020
Ragnvald Sandvik - attval valt for 2 år til 2021
Turid Sørland – på val i 2020
Eiliv Kolsrud Berdal - på val i 2020
Nils Eivind Rognes - på val i 2020

Varamedlemer:

Svanhild Otterøy Lothe – på val i 2020
Arvid Fløtre – attval for 2 år til 2021


Valnemnd

Bodil Sønderland trekkjer seg som medlem av valnemnda. Som nytt medlem blir Ruth Melheim foreslått, Ny valemd blir etter dette:
Dagny Rønnkleiv leiar – på val i 2020
Ruth Melheim - vald for 2 år til 2021
Else Nesheim (vara) på val i 2020


Forslaget til nytt styre og valnemnd vart samråystes vedtatt. Med dette avslutta møteleiaren årsmøtet md å takke Bodil Sønderland for arbeidet i valnemnda med å overrekke ein blomst

Etter årsmøtet vart det servert kaffi, rundstykke og kaker og det heile vart avrunda med hyggeleg prat rundt bordet.

Bodil Sønderland




Oddrun Erviksæter



Nordfjordeid

19.04.18



Eiliv K. Berdal (referent)